



Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500

6404 MOLDE

Vår ref.:
19/2796

Saksbeh.:
JAGE

Ark.:
K1-614, K2-A20

Dykkar ref.:

Dato:
31.01.2019

Oppsummering etter drøftingsmøte om regulering av veg og gangveg til Rørstadmarka skule

Vi viser til drøftingsmøte 31. januar om regulering av veg og gangveg til Rørstadmarka skule i Sula kommune og sender som avtalt ei oppsummering av tema og synspunkt som kom fram.

Til stades i møtet:

Synnøve Valle, Møre og Romsdal fylkeskommune
Guro Dehli Sanden, Møre og Romsdal fylkeskommune
Yngvild Meinseth, Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Pernille Lervåg, Norconsult AS (etter oppdrag frå Sula kommune)
Robin Sætre, Norconsult AS (etter oppdrag frå Sula kommune)
Fritz Østrem, Sula kommune
Per Ola Ravnå, Sula kommune
Jørn Agersborg, Sula kommune

I møtet vart følgjande synspunkt lagt fram:

Arkeologiske undersøkingar – synspunkt frå Møre og Romsdal fylkeskommune

- Planlagt gjennomføring av undersøkingar er vår/sommar 2019
- Sula kommune må informere aktuelle grunneigarar og inngå avtale om tilgang til grunn frå midten av april 2019. I avtale med grunneigarar må eventuell kompensasjon for avlingssvikt avklarast i tillegg til ansvar for istandsetting.
- Det er mest sannsynleg å gjere funn lengst mot nord og lengst mot sør i området som er omfatta av varsel om regulering.

Verneomsyn – synspunkt frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal

- Verneområde med formål dyrelivsfredning vert vurdert å kunne forenast med tiltak i form av gang/sykkelveg. Det er godkjent og realisert tiltak i det varsla planområdet frå før og nytt tiltak i form av gang/sykkelveg vil truleg ikkje true verneomsyna.
- Vern/dyrelivsfredning vil i praksis innebære eit forbod mot jakt.
- Lyssetting av gang/sykkelveg vil ikkje være i konflikt med verneomsyn med grunnlag i at hekkeperioden vil være i den lyse årstida.

- Bygging av gang/sykkelveg må skje utanom hekketida for fugl i verneområda då anleggsdrift vert vurdert å verke forstyrrende. Tilsvarande må riggområde plasserast i tilstrekkelig avstand frå vatn/verneområde for ikkje å forstyrre fugl.

Landbruksinteresser – synspunkt frå Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal

- Nasjonale føringar og mål for jordvern er skjerpa seinare år. Det er eit regionalt mål i Møre og Romsdal at omdisponering av dyrka jord ikkje skal utgjere meir enn 200 dekar årleg.
- Alternativ plassering av gang/sykkelveg må vurderast før dyrka jord vert nytta.
- Det vert vurdert å ligge til rette for landbruksdrift på areal omfatta av eigedomane Gnr. 78/2 og 75/2.
- Fylkesmannen ved Yngvild Meinseth vil gje ei nærmare vurdering i høve framlagt alternativ for plassering av gang/sykkelveg med føring om universell utforming.

Vi takker for eit konstruktivt møte og ser fram til å få tilbakemelding med vurdering av plassering av gang/sykkelveg i høve landbruksinteressene i området. Sula kommune vil følge opp i høve avtale om tilgang til grunn for gjennomføring av arkeologiske undersøkingar.

Med helsing

Jørn Agersborg
Kommunalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Dato

Kopi til:

Fritz Østrem
Norconsult AS
Per Ola Ravnå

Driftsleiar
Postboks 626
Avdelingsingeniør

1303 SANDVIKA